

Nynorsk nattasong på nettbrett?



Jens Haugan har nettopp kome med barnebok, men tvilar på at felles kosetid med ungane blir med eit nettbrett.

Eg har nettopp fått gjeve ut eit barnebok for dei minste, «No kan du sove, vesle gut», som eg laga saman med biletkunstnaren Bente-Linn Bergene Huseby.

Boka er rimeleg tradisjonell sidan det er fine fargar og kontrastar og relativt lite tekst. Men i tillegg er teksten også ein song. Bak i boka finn ein notane og grepa til songen. Elles er teksten på nynorsk, og det

er kanskje ikkje så «tradisjonelt» – i alle fall ikkje på Austlandet. Det er nok av historier å høyre frå bokhandlarane – i alle fall her på Austlandet – som fortel at folk ikkje kjøper barnebøker på nynorsk. Men no er eitt poeng med denne boka nettopp at ho skal vere på nynorsk. Ho skal vere eit tilbod i det store havet av bokmåls litteratur, og ho er meint å vere eit relativt lett og greitt tilbod til dei som eventuelt vil «utsetje» ungane for nynorsk eller «sidemålet» tidleg i barndommen. På eitt eller anna vis må det vel vere mogleg å få folk til å skjønne at nynorsk ikkje er noko vanskelegare eller mindre naturleg på barnerommet enn bokmål.

For å gjere det enda lettare for foreldre og barnehagetilsette valde eg å spele inn songen og lage ein liten YouTube-video der eg også har brukt bileta frå boka. Det er jo ikkje alle som les notar, så no kan ein lære seg songen ved å høyre han på nettet. Men forlaget var litt skeptisk til dette og meinte at ein jo ikkje trong å kjøpe boka, no når meir eller mindre heile boka låg på nettet. Men då er spørsmålet: Kor realistisk er det at nokon vil bruke nettbrett eller PC i staden for ei tradisjonell bok når ein skal ha kosetid saman med ungen eller ungane? Nettbrettet er på god veg til å finne sin faste plass i samfunnet, men kan det erstatte den viktige, personlege tida ein har saman med barna like før dei sovnar? Neppes. Ungane kan bruke nettet for å lære seg songen, og for å få ekstra motivasjon til å høyre og eventuelt lese nynorsk, men det vil nok alltid vere den nære omsorgspersonen som bør ha oppgåva med å lese eller syngje før ungen eller ungane skal sove. Dette kan ein ikkje overlata til nettet, og det er ikkje ei oppgåve eg ønskjer ta ifrå foreldra eller barnehagepersonalet. Eg ville berre lage nokon pedagogiske ressursar som ein kan bruke på ulike måtar.



Den gode barnelitteraturen

Kva er det som gjer ei barnebok til ein klassikar? Svein Slettan er blant dei som meiner bøkene til Rune Belsvik om Dustefjerten er klassikarar. Sjå òg fleire meldingar av ferske bøker!



for deg som jobbar med barn

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

@avisapirion



Tips oss på pirion@pirion.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no

Kva er det som gjer ei barnebok til ein klassikar?



Rune Belsvik på Nynorskkonferansen, der han blei intervjuva av litteraturformidlar Janne Karin Støylen.

«Bekken var som eit langt kjølig sjal tvers over sommaren sin mage»

– Det handlar om at små ting som kan gi oss store leseopplevingar, seier Svein Slettan.

SVEIN OLAV B. LANGÅKER

Slettan er førsteamanuensis ved Universitetet i Agder, og har skrivne mykje om barnebøker. I boka Inn i barnelitteraturen har han skrivne om Rune Belsvik, og i slutten på oktober var han på Nynorskkonferansen for å snakka om forfatterskapen hans og korleis ein kan kjenna igjen forteljingane som kan klassikarar.

Den første Dustefjerten-boka kom i 1991.

– Bøkene har levd lenger enn dei fleste andre i norsk litteraturhistorie. Viss det nokon gong blir laga ein kanon over norske barnelitteratur, så vil nok denne koma med, seier Svein Slettan.

Verdas mest forelska par kom i 2001, og i fjor kom den førebels tredje og siste boka i serien om det vesle samfunnet Bløygen og det forelska paret Bidger og Esmiluni.

Ikkje alltid fordel

Slettan understrekar at det ikkje alltid er ein fordel å bli stempla som ein klassikar. Det kan lett skapast ulike leseopplevingar, og nokon kan få skrekken over at noko blir stempla som høgverdig litteratur.

– Det er ikkje så lett å seia kvifor ei bok er god, seier Slettan og understrekar at han er opptatt av barnet sine opplevingar.

Slettan meiner god barnelitteratur har element av både gjenkjenning og utfordringar i seg.



Førsteamanuensis Svein Slettan ved Universitetet i Agder meiner bøkene til Rune Belsvik er barnelitteraturklassikarar.

Utfordrar

Bøkene til Belsvik har eit landskap, aktivitetar og menneskelege typar og relasjonar som me kjenner igjen.

– Bøkene fører oss inn i ei leikeverd som me kjenner igjen, seier Slettan.

Men han understrekar at dei òg utfordrar med merkelege ting og mystiske figurar som Berghøna i Dustefjerten-bøkene. Grenseoppgangane mellom dyr og menneske og barn og vaksen kan òg vera med på å utfordra.

Komposisjonen er til å kjenna igjen i eventyrkomposisjonen, at ein må dra ut i verda for å løysa ei utfordring. Men i boka Dustefjerten og den store gullfiskjakta får historia ei heilt ny vending då Kavringreven etter resultatlaus leiting viser seg å ha gullfisk i sine eigne tårer.

– Ein annan sterk kvalitet med fleire av bøkene til Belsvik er bildespråket som fører saman meiningsområde, seier Slettan og tar fram dette dømet:

«Bekken var som eit langt kjølig sjal tvers over sommaren sin mage».

Dialog mellom barnet og den vaksne

Rune Belsvik var sjølv med på Nynorskkonferansen, der han blei intervjuva av litteraturformidlar Janne Karin Støylen. Ho opna med å seia at Belsvik er den barneforfattaren ho set mest pris på sjølv, og spurte han om korleis han tenkjer at den gode barnelitteraturen kan vera.

– Det stemte ganske godt når eg først kunne kjenna meg igjen i figurane, fortel Belsvik. Til dømes kjenner han seg igjen i Dustefjerten som godt kunne tenkt seg at ting var som dei var.

– Det er jo slik at når ein først har fått taket på å leika i sandkassen, så er ein blitt for stor for det, kommenterer han.

Belsvik ser på bøkene som ein dialog mellom barnet og den vaksne.

– Den vesle Rune har ikkje heilt forlate meg. Stordabuen, som no bur i Kristiansand, røper at han skriv på ei ny bok. Men kva tid boka kjem, vil han ikkje røpa. Han byrja på boka rundt juletider i fjor.

– Det er litt som ei avstandsforelesking. Ein går og tenkjer på historia. Men når pennen står ansikt til ansikt med papiret, så blir det litt annleis, sa Belsvik.



Martine Grande
Dagen opp ned
Samlaget 2015

Kva seier flaggermusa?

Dagen opp ned av Martine Grande kjem med ein ny og morosam vri på ei kjent oppskrift for bildebøker for barn. Me er på ein gard og møter kyr, sauer, griser, ender og ein hund og ein katt. Men det er ikkje dei som er hovudpersonane. Me ser det heile gjennom ein flaggermusfamilie. «For når du går til sengs om kvelden, vaknar desse fire opp.» Sånn er det til vanleg. Men ein dag vaknar systrene Ida og Oda frå søvnen sin og flyg ut i dagen. Ikkje visste dei at katten seier mjau, hunden voff og kua mø...

Både tekst og illustrasjonane i boka er laga av Martine Grande. Det heile står fram som ei heilstøyt bok som vil eigna seg godt for høgtlesing for både store og barnehageborn. Men kva lydar flaggermusa lagar, det får du ikkje svar på her.

Meldt av: Svein Olav B. Langåker



Gjenfortalt av Maria Parr
Illustrasjon: Svend Otto S.
Samlaget, 2015

Eventyrskatten for nye generasjonar

Maria Parr har omsett og gjenfortalt nokre av dei aller mest kjente eventyra i ei praktutgåve av ei bok.

Me møter dei tre bukkane Bruse, Raudhette, Fyrtøyet, Pannekaka, Mannen som skulle stelle heime, Den stygge andungen, Tornerose og Bymusikantane frå Bremen.

Eventyra er henta frå Asbjørnsen & Moe, H.C. Andersen og Grimm-brøerne. Maria Parr har omsett og modernisert språket i eventyra slik at språket ligg godt i munnen.

Eventyra er illustrert med dei klassiske og kjente illustrasjonane til Svend Otto S., akkurat dei same illustrasjonane som dagens foreldregenerasjon kan hugsa igjen frå åttitalets bokklubbutgåve av eventyrskatten.

Boka er ei perfekt høgtlesingsbok for store og små, og bør vera ei bok alle ønskjer seg til jul.

Meldt av: Svein Olav B. Langåker



Jens Haugan (tekst) og Bente-Linn Bergene Huseby (ill.)
No kan du sove, vesle gut
Liv forlag 2015
Bildebok

Koseleg godnattsong

Jens Haugan har laga ei fin lita bok av ein nattasong han laga for son sin for fleire år sidan.

Boka høver godt til å lesa før ein sløkkjer lyset, men teksten kan òg syngjast. Det er ein fin liten song med notar bak i boka. Illustrasjonane til Bente-Linn Bergene Huseby er uttrykksfulle og draumeaktige.